



Statens Vegvesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/903 - 14/4206

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
27.02.2014

Søknad om dispensasjon på høyring - gbnr 134/263 Hilland - rundkjøring

Saka gjeld søknad om dispensasjon for opparbeiding av framtidig rundkjøring på Hilland.


Planstatus:

Det er gitt rammeløyve for oppføring av 3 einebustader på gbnr 134/263. Desse einebustadene skal ha sin tilkomst via framtid regulert rundkjøring. Det er sett krav om opparbeiding av rundkjøringa, jf. pbl § 18-1. I rammeløyvet er det sett vilkår om grunnavståing til rundkjøringa. Vilkåret er per dags dato ikkje stetta.

Plankart:

Planen som viser rundkjøringa med føresegner er å finne på følgjande webadresse: <http://braplan.gebwerb.no/braplan/> og har følgjande ID nummer: 1263-25111999.

Utsnitt plankart:



Dispensasjon:

Det omsøkte tiltaket krev frå pbl § 18-1, det vil seie opparbeiding av regulert rundkjøring.

I utvalssak nr. 269/10 er tilhøva til fylkesveg 565 vurdert:

«Med bakgrunn i dette er det søkt om dispensasjon frå plankravet til reguleringsplan. Det vert m.a. vist til at dei 3 einestadene kan førast opp utan å koma i konflikt med reguleringsplanen for del av fylkesveg 565 med rundkjøring i Hillandkrysset m.m.»

Kommunen si vurdering av saka:

Kommunen har sendt saka på høyring då vi vurderar å gi dispensasjon. Det er uklart for oss om ein dispensasjon i denne saka vil få konsekvensar for etablering av rundkjøringa i framtida.

Statens vegvesen har *tidlegare* uttalt at når det gjeld søknad om dispensasjon for opparbeiding av rundkjøringa i forhold til oppføring av 3 bustad på gnr. 134, bnr. 263 er «dette eit forhold som vi må drøfte med Lindås kommune og som vil føre til at det vil gå ei tid før vi kan gje ei endeleg tilbakemelding».

Namn på ansvarleg søkjar:

Namnet på søkjar er: Reknes Byggjevarer LL

Gard- og bruksnummer på eigedomen(e):

Gard- og bruksnummer: 134/263, 134/264 og 134/410

Varsla instansar/styresmaktar:

Saka er sendt til uttale til:

- Statens vegvesen
- Hordaland fylkeskommune

Uttalefrist:

Vi ber om Dykkar snarleg uttale til søknaden og seinast innan 4 veker frå dags dato. Dersom vi ikkje høyrer frå dykk innan fristen, vil vi legge til grunn at de ikkje har merknader til søknaden.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

sak 20111347-014472012 - oppføring av 3 eneboliger Hilland
søknad om dispensasjon

Kopi til:

Reknes Byggjevarer L.L

Mottakarar:

Statens Vegvesen

Hordaland Fylkeskommune